



Vakre Ulvanåso!

Vi kan sjå tilbake på ein strålende skjærtorsdag med stor utflukt til påskefjellet. Rundt 15 av desse hadde ei fantastisk påskeoppleving med tur på vår side av Ulvanåso. Ein lesar på Haugland seier det var eit flott syn då dei skreid nedover i laussnøen bada i påskesol, og laga dei vakraste mønster.

Ein av dei som brukte dagen til Ulvanos-tur, var Bjørn Olav Tveit. Han rapporterer om fantastiske forhold med puddersnø opp til om lag 1000 moh. Lengre oppe byrja det å verta meir avblåst og hardt. Siste ryggen opp til toppen på Geitadalstinden kunne det vera greitt å ha stegjern, men det gjekk også å koma seg opp utan. Dessutan var det fint å gå rundt, og så gå opp på baksida.

Elles nemner han det som svært positivt at det går fint å køyra på ski lengre ned enn normalt. Det går godt å køyra eit stykke nedanfor Låganåso.

På turen møtte han ein gjeng ungdommar på om lag 10 stykke. Dessutan møtte han også ein far og son på veg opp. Alle desse gjekk opp frå Kalkestasjonen.

- Det er ideelle forhold for å oppleva dette fantastiske fjellet vårt så det er berre å komma seg ut på ski, avsluttar Bjørn Olav. Med dei gode vermeldingane det er for resten av påsken bør mange følgja oppfordringa hans.



[Nåso innbyr til turoppleving!](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Einar Gjertsen